

Ståle Rossgård
Ystebørenen 20
5939 Sletta

Sletta 5.5.2014

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger.

Søknad om kommunal overtaking av driftskostnader for veglys.

På slutten av 90-talet tok Sletta Bygdelag initiativ til ei høyring blant ungdommen i bygda om kor et sårt tiltrengt kommunalt bustadområde på Sletta burde etablerast. To uavhengige brukarundersøkingar vart gjennomført og begge konkluderte med at bustadområdet måtte etablerast på Ystebørenen (ref. td. brev/rapport frå Sletta Bygdelag av 13.5.96).

Naudsynt bustadareal på Ystebørenen låg allereie inne i kommuneplanen, som nett hadde vore på offentleg høyring, og som grunneigar tilbydde eg kommunen tomteland på svært gunstige vilkår. Kommunen valde likevel å etablere bustadfeltet i eit nytt område på Stølane.

Etter at kommunen takka nei til tomteland på Ystebørenen etablerte eg sjølv - til personleg kostnad og risiko - det ynskte bustadområdet på Ystebørenen. Husbygginga er i full gang og mange skuleborn går no dagleg til og frå bustadområdet.

I reguleringsplanens føresegner har kommunen sett krav til etablering av veglys og at almenta kan nytta friluftsområda med gangtilkomst på veg. I samsvar med dette har eg kosta 7 fullautomatiserte veglys og etablert driftsavtale med BKK.

Driftsavtalen omfattar straum, nettleige og lampeskift til ein årleg kostnad av kr. 1137,- (inkl. mva) pr. lys. Driftskostnadene fell på tomteskjøparane i fellesskap.

Dei kommunale tomtane på Stølane er prisa langt under sjølvkost(?), noko som medfører at husbyggjarane der vert subsidiert/tilgodesett av fellesskapet. I tillegg reknar eg med at kommunen også betaler driftskostnadene for veglysa i feltet.

På vegne av husbyggjarane på Ystebørenen søker eg etter dette om at også dei vert tilgodesett av fellesskapet ved at kommunen overtek driftskostnadene for dei 7 veglysa. Dette med verknad frå og med driftsåret 2014.

Venleg helsing



Ståle Rossgård